

Årsmelding

Holsåsen Sti og Løypenemnd

2008



Hallingskarvet sett frå Storemyr

Årsmøte i
Holsåsen Sti og Løypenemnd

Innkalling til årsmøte i Holsåsen Sti og Løypenemnd.

Det blir med dette kalla inn til årsmøte i Holsåsen Sti og Løypenemnd på Hol idrettslag sitt klubbhus laurdag 21.februar kl 17.00

Saker til handsaming er:


- Sak.1 Årsmelding 2008
- Sak.2 Rekneskap og disponering av resultat
- Sak.3 Budsjet 2009
- Sak.4 Val
 - Styremedlemmer
 - Leiar og nest leiar
 - Valnemnd
 - Revisor
- Sak.5 Fastsetjing av honorar til revisor
- Sak.6 Andre saker som følgje av vedtektene
- Sak.7 Eventuelle andre saker/orienteringar

Alle som har bidrege økonomisk i driftsåret 2008 har møte og stemmerett på årsmøte. (Betalt frivillig løypeavgift, sponsorstøtte eller gitt tilskott på andre måtar)

Det blir enkel servering.

Hol 02.02.2009

Venleg helsing


Kjell Haugo
Leiar

Sak 1. Årsmelding 2008

Så er 2008 slutt og vi kan sjå attende på eit aktivt år i Holsåsen sti og løypenemnd. Styret i arbeidsåret har vore,

Kjell Haugo	leiar	Gunnar Veslegard	varamann
Åge Hansen Wiik	nest leiar	Maria Søndrål Wick	varamann
Kari Lie Danielsen	styremedlem	Petter Rukke	varamann
Knut Erik Moen Slåtto	styremedlem	Arne Magne Rue	varamann
Rune Halingstad	styremedlem	Svein Nedremyr	varamann

Revisor har vert Trond B Augunet

Styret har hatt møte 04.01, og har utover dette brukt tlf og e-post til å gjera avklaringar gjennom året. Årsmøte for 2007 var på Hol idrettslag sitt klubbhus 22.februar. Her møtte det kunn 4 stk.

Økonomi

Nemnda har hatt ein bevist strategi å styrke eigenkapitalen, særleg fordi vi gjekk med underskott i fjor. Vi er også avhengig av eigenkapital for å seta i kraft tiltak som gir offentleg støtte. (Skilting, utbetringar av stigar/løyper)

I 2008 var det 113 hytteeigarar som bidrog med til saman 38 150 kr. 13 grunneigarar bidrog med til saman 36 356 kr i tillegg har vi fått 10 000 kr frå Holsåsen vel, 4 800 kr frå styret i vegen Søndrål – Varaldsetodden samt at 20 stk av bygdefolket har bidrege med 6 700 kr. Vi har til saman fått inn 35 000 kr frå 18 bedrifter som støttar oss. Summen av alle desse bidraga har gjort vår økonomi betre. Styret vil rette ein stor takk til alle som har bidrege.

Løypekøyning

Også i år har Hallingdal Brønn og Graveservice As stått for løypekøyninga. Det er i hovudsak Birger Embrik Kaslegard som køyrer på Holsåsen. Vi har driftsavtale med dei som går ut våren 2009. Alle dei attendemeldingar vi får på jobben han gjør er veldig positive, styret ynskjer derfor å forhandle fram ei ny driftsavtale med dei i løpet av vinteren 2009.

Skilting

Vi har ikkje gjort noko spesielt med skiltinga i 2008, dette fordi det skal innførast nye og like skilt i heile Hol kommune. Går alt etter plan vil nye skilt bli satt opp sumaren 2009.

Dugnad


Laurdag 4.oktober hadde vi dugnad i løypenettet vårt. 15 personar deltok i rydding av kvist og skog. Vi tok for oss strekninga Øyestølen – Øystlivatnet, i tillegg til at nokre tok for seg løypa opp mot Storemyr. Elles er det lagt ned ein del dugnad i form av løypekøyning i november og desember, samt rydding av skog som har falt ned elles i løypenettet.

Markarbeid

I år har vi hatt inne gravemaskin på strekninga Øyestølen – Øystlivatnet. Traseen vart mykje betre, men fordi det er lite morene og mykje stein er vi ikkje heilt nøgd enda. Her må ein vurdere å køyre til masse frå andre stader. Alle myrar gjør det til ei utfordring å koma fram med maskiner.

TracTrac

Også i år har vi hatt GPS køyring av løypenettet vårt. Dette fungerer veldig bra og er til stor nytte for alle dei som ynskjer å veta når tid løypene på Holsåsen er køyrd. Link til tracrac er lagt ut på den nye nettsida. Vi hadde litt oppstarproblem med GPS'n før jul.



www.holsåsen.no

På årsmøte i Holsåsen Vel 20 mars under sak 10, vart det fremja ynskje om å få til ei eiga nettside for Holsåsen. Det same ynskje kom opp i møte grunneigarane hadde 15.10. Leiaren i løypenemnda sette derfor i gang med å få laga ei slik nettside. Anders Knutsson Medhus tok på seg jobben. Domene www.holsåsen.no fekk vi kjøpt av Ingar Dalen i DBC Arkitektur As. Nettsida var klar frå ca 1.desember. Det er Holsåsen Sti og Løypenemnd saman med Holsåsen Vel og styret i vegen Søndrål - Varaldsetodden som står bak nettsida. Dei som ynskjer det kan frå 2009 få kjøpt seg plass på nettsida. Inntekter frå nettsida skal gå til drifting av stigar og løyper på Holsåsen.

Vi håpar at nettsida skal gi nyttig informasjon til alle dei som oppheld seg på, eller brukar Holsåsen. I løpet av desember hadde vi 4 393 treff på sida.

Møter i Hol kommune

Leiar har delteke i 2 møter i regi av Hol kommune. (20.2 og 6.11) I møta har vi hausta erfaringar frå andre løypeområdar, samt drøfta tema som opptek alle nemndene. Dette gjeld særleg oppfølging av Sti og Løypeplan, grunneigaravtaler, tracrac og frivillig løypeavgift.

Anna

Vi fekk laga oss eigen slodd til å henge etter snøscooter i haust, dette for at vi skal kunne køyre løyper så tidleg som mogleg. Torbjørn Haugo laga slodden for oss. Asle Slåtto Mørk har stilt snøscooter til disposisjon slik at vi fekk moglegheit til å køyre løyper på dugnad for Hallingdal Brønn og Graveservice overtok ansvaret 8.desember.

I vinter sette vi opp 2 søppelkasser, ei på Feten og ei på Varaldset. Når vi tok desse ned våren 2008 var dei nesten tom. Vi trur folk skjønar at dei må ta med seg søppelet heim og at det ikkje er behov for at vi set opp søppelkasser langs løypenettet vårt.

Avslutning

Styret vil takke alle som har bidrege økonomisk eller på andre måtar i 2008. Utan frivillig innsats og alle dei økonomiske bidraga vi har fått, kunne vi ikkje hatt den aktiviteten vi har. Vi rettar også ein stor takk til alle dei bedriftene som har vald å støtte vårt arbeid, og til alle grunneigarane som stiller sin grunn til disposisjon.

Hol 04.01.2009

Kjell Haugo
Styreleiar

Åge Hansen Wiik
Nest leiar (Sig)

Kari Lie Danielsen
Styremedlem (Sig)

Knut Erik Moen Slåtto
Styremedlem (Sig)

Rune Halingstad
Styremedlem (Sig)

Alfabetisk liste over dei bedrifter som har gitt økonomisk stønad til vårt arbeid med løypekøyring på Holsåsen i 2008

Bardøla Høyfjellshotell AS
Bo Bygg AS
DBC Arkitektur AS
Eivind Nedremy
Elektroinstallasjon AS
Hol Anlegg AS
Hol Bygg AS
Hol Handel
Hol Sparebank
Kiwi Hagafoss
Kjell Rune Ellingplass
Lerberg Hytteservice
Nordheim VVS AS
Optimera Hallingdal AS
Slaatto Sag AS
Slettemoen Sag
Svein Borgen (Ranahytta)
Tunet Møbler AS

Sak 2. Rekneskap

Resultatoversikt

Dato: 05.01.2009

Regnskap: Holsåsen Sti og Løypenemnd

Beskrivelse:

Inntekter	234 818,09
- Skatt	0,00
- Utgifter	203 185,02
- Betalt gjeld	45 487,19
- Renteutgifter	0,00
= Resultat	-13 854,12
Penger	50 834,61
+ Eiendeler	0,00
+ Sparemidler	0,00
- Gjeld	14 602,50
- Kredittkortgjeld	0,00
= Nettoformue	36 232,11
Formue ved start av regnskap	4 599,04
Formue ved slutt av regnskap	36 232,11
= Formuefremgang	31 633,07

Regnskapet er revidert og funnet i orden.

Hol 20/1-09

Vard B. Augumset

Saldorapport

Regnskap: Holsåsen Sti og Løypenemnd

Beskrivelse:

Periode: 01.01.2008 til 31.12.2008 for hele husholdningen

Konto	Kontonavn	Type	Inng. saldo	Debet	Kredit	Bevegelse	Utg. saldo
1003	Utestående fordringar	Penger	0,00	3 000,00	0,00	3 000,00	3 000,00
1101	2333.33.12220	Penger	50 086,23	231 818,09	234 069,71	-2 251,62	47 834,61
2000	Skuldig løypekøyning	Gjeld	-45 487,19	45 487,19	14 602,50	30 884,69	-14 602,50
3001	Tilskott frå Hol kommune	Inntekt	0,00	0,00	82 842,49	82 842,49	82 842,49
3002	Støtte frå grunneigarar	Inntekt	0,00	0,00	36 356,00	36 356,00	36 356,00
3003	Støtte frå Holsåsen Vel	Inntekt	0,00	0,00	10 000,00	10 000,00	10 000,00
3004	Støtte frå hytteeigarar	Inntekt	0,00	0,00	38 150,00	38 150,00	38 150,00
3005	Støtte frå fastbuande	Inntekt	0,00	0,00	6 700,00	6 700,00	6 700,00
3006	Sponsorstøtte	Inntekt	0,00	0,00	35 000,00	35 000,00	35 000,00
3007	Støtte frå vegstyret	Inntekt	0,00	0,00	4 800,00	4 800,00	4 800,00
3010	Tilskott grunnarbeid løyper	Inntekt	0,00	0,00	14 625,00	14 625,00	14 625,00
3011	Inntekter www.holsåsen.no	Inntekt	0,00	0,00	6 000,00	6 000,00	6 000,00
3601	Renteinntekter	Inntekt	0,00	0,00	344,60	344,60	344,60
4101	Løypekøyning	Utgift	0,00	150 079,52	0,00	150 079,52	150 079,52
4105	Andre utgifter	Utgift	0,00	11 881,50	0,00	11 881,50	11 881,50
4107	Grunnarbeid løyper	Utgift	0,00	29 250,00	0,00	29 250,00	29 250,00
4108	Utgifter www.holsåsen.no	Utgift	0,00	11 974,00	0,00	11 974,00	11 974,00
Sum penger:			50 834,61	Sum eiendel:	0,00	Sum sparemidler:	0,00
Sum inntekt:			234 818,09	Sum skatt:	0,00	Sum utgift:	203 185,02
Sum gjeld:			-14 602,50	Sum renteutgifter:	0,00	Sum kredittkort:	0,00

Sak 3. Budsjett 2009

Tekst	Konto nr	Rekneskap 2006	Rekneskap 2007	Rekneskap 2008	Budsjett 2009
Inntekter					
Tilskott frå Hol kommune	3001	56 140,00	81 690,00	82 842	80 034
Støtte frå grunneigarar	3002	14 000,00	45 050,00	36 356	36 000
Støtte frå Holsåsen Vel	3003	10 000,00	10 000,00	10 000	10 000
Støtte frå hytteeigarar	3004	39 050,00	8 050,00	38 150	30 000
Støtte frå fastbuande	3005	4 900,00	8 050,00	6 700	7 000
Sponsorstøtte	3006	16 000,00	30 000,00	35 000	36 000
Støtte frå vegstyret	3007	4 800,00	4 800,00	4 800	0
Andre inntekter	3008	460,00	0,00		
Tilskott til grunnarbeid løyper	3010	0,00	6 781,00	14 625	19 688
Inntekter www.holsåsen.no	3011			6 000	15 000
Renteinntekter	3601	41,90	134,53	344	200
Sum inntekter		145 391,90	194 555,53	234 817,00	233 922,00
Utgifter					
Utgifter løypekøyning	4101	103 211,26	190 816,88	150 079	160 000
Utgifter til stikking	4102	6 825,00	0,00		
Portoutgifter	4103	0,00	600,00		
Vedlikehald stigar	4104	5 439,50	0,00		10 000
Andre utgifter	4105	1 874,00	13 019,25	11 881	10 000
Renteutgifter	4106	0,00	0,00		
Grunnarbeid løyper	4107	0,00	13 562,50	29 250	39 375
Utgifter www.holsåsen.no	4108	0,00	0,00	11 974	8 000
Sum utgifter		117 349,76	217 998,63	203 184,00	227 375,00
Driftsresultat		28 042,14	-23 443,10	31 633,00	6 547,00

Merknad:

Ein del hytteeigarar betalde både for sesongen 2005/2006 og 2006/2007 i 2006, derfor er innbetalingane større i 2006 enn i 2007 på denne posten. Ser ein begge desse to åra under eitt, får ein kanskje eit bilete av kva eit normalår vil vera.

Sak 4. Val

- Styremedlemmer
- Leiar og nest leiar
- Valnemnd
- Revisor

Valnemnda sitt framlegg blir lagt fram på årsmøte.

Her er ei liste over sitjande styre:

Kjell Haugo	leiar	
Åge Hansen Wiik	nest leiar	
Kari Lie Danielsen	styremedlem	er på val
Knut Erik Moen Slåtto	styremedlem	
Rune Halingstad	styremedlem	er på val

Gunnar Veslegard	varamann	er på val
Maria Søndrål Wick	varamann	er på val
Petter Rukke	varamann	er på val
Arne Magne Rue	varamann	er på val
Svein Nedremyr	varamann	er på val

Revisor har vert Trond B Augunset er på val

Kjell Haugo og Åge Hansen Wiik er ikkje på val som styremedlemmer, men som leiar og nestleiar. (Skal veljast kvart år)

Sak 5. Fastsetjing av honorar til revisor

Valnemnda sitt framlegg blir lagt fram på årsmøte

Sak 6. Andre saker som følge av vedtektene

Godkjenning av vedtekter for Holsåsen Sti og Løypenemnd



Vedtekter for Holsåsen Sti og løypenemndene

§ 1. Formål/ansvar

Nemnda har ansvar for merking, preparering, nødvendig vedlikehold og drift av langrennsløyper i hht vedtatt sti- og løypeplan for Holsåsen. Herunder kommer også evt. inngåelse av grunneieravtaler med evt. kompensasjonsordninger, anleggelse av nye løyper, grunnpreparering, og søknad om tippemidler vedr slike tiltak. Løypenemnda sørger også for å følge opp de tiltak som til enhver tid gjelder sitt område, beskrevet i kommunedel plan for stier og løyper.

§ 2. Styret/nemnda

Løypeområdet skal ha et styre som består av 5 personer. To representerer grunneiere, to representerer hytteeierne og 1 skal representere lokalmiljøet. Representantene velges for 2 år av gangen. Det velges 3 varamenn i nummerorden for 1 år om gangen. Styret er beslutningsdyktig når leder og 2 medlemmer er til stede. I tilfelle stemmelikhet har lederen dobbeltstemme.

§ 3. Valgkomite

Valgkomiteen skal bestå av tre personer der leder velges på årsmøte. Valgnemnda skal komme med forslag til kandidater til alle de valg som årsmøte skal gjøre, i tillegg skal valgnemnda komme med forslag til godtgjøring av revisor.

§ 4. Daglig leder/arbeidstager

Nemnda kan ved behov ansette og/eller leie inn nødvendig ledelse/arbeidskraft som har til oppgave å følge retningslinjene fra styret. Styret utformer stilling/arbeidsinstruks og fullmakter for daglig leder/arbeidstager.

§ 5. Finansiering

Nemnda/styret er ansvarlig for anskaffelse, organisering, koordinering og bruk av offentlige bidrag, private bidrag og andre tilskudds ordninger. Rapportering om bruk av kommunalt tilskudd skal skje i henhold til gjeldene sti- og løypeplan.

§ 6. Overskudd/utbytte

Eventuelt overskudd skal anvendes i tråd med formålet, jfr. § 1. Det utbetales ikke utbytte fra nemnda.

§ 7. Årsmøtet

Årsmøtet er løypenemndas høyeste organ og består av styret, varamenn og alle som bidrar økonomisk. Årsmøte avholdes hvert år innen utløpet av februar og tar stilling til følgende saker:

- 1) årsberetning
- 2) årsregnskap og disponering av resultat
- 3) budsjett
- 4) valg av
 - a. styre og varamenn

- b. leder og nestleder
 - c. revisor (for 1 år)
 - d. valgkomite
- 5) honorar til revisor
 - 6) andre saker som følge av vedtektene
 - 7) eventuelle andre saker

Saker som en ønsker att blir tatt opp på årsmøte må være styret i hende to uker før årsmøte.

Sak 7. Eventuelle andre saker/orienteringar